

1. Lat oss be for søskena våre i aust.

Trufaste Gud, takk for at dine ord kan gi visdom og frelse ved trua på Jesus Kristus. Takk for alle som har møtt ditt Ord i Ukraina. Vi ber om at dei finn gode fellesskap, der dei lærer meir om deg, og at dei blir grunnfesta i deg og i ditt Ord. Lat alle som ønsker seg ein bibel, få ein. Vi takkar deg for at vi har høve til å gi ei gåve til dette arbeidet i dag, og vi ber for alle som arbeider for å spreie biblar i Ukraina. Velsign og bevar dei, og utrust dei til gode gjerningar. Gjer dei tolmodige og gi dei ny kraft.

Gud, lat ditt Ord ha framgang i aust.

2. Lat oss be for søskena våre i sør.

Miskunnsame Gud, takk for at du har gitt oss ditt ord. Takk for alle som har fått ein bibel på sitt eige språk. Vi ber om at dei kan ta vare på det dei får høre og lese, og halde ut og bere frukt. Vi ber for alle som arbeider med bibelomsetting. Gjer dei tolmodige, og lat dei få gode medarbeidrarar.

I dag ber vi òg for dei tusenvis av barn og unge som opplever svolt, krig eller er på flukt. Lat dei møte miskunn, og gjer alle som er villige til å hjelpe til, uthaldande og sterke.

Gud, lat ditt Ord ha framgang i sør.

3. Lat oss be for søskena våre i vest.

Nådige Gud, takk for at ditt Ord kan gi opplæring, rettleiing og oppseding i rettferd til alle som hører og les det. Vi ber for våre søskener i vest. Lat det dei les i Bibelen prega deira kvar dag. Vi ber særleg for bibelkommisjonen på Cuba. Herre, lat dei få nok biblar, og lat biblane dei deler ut, bli til velsigning. Vi ber for alle barn, unge og familiær som får ein bibel, at dei kan finna deg og oppleva din nåde og kjærleik.

Gud, lat ditt Ord ha framgang i vest.

4. Lat oss be for oss her i nord, og for oss sjølve.

Tolmodige Gud. Takk for at vi har Bibelen på eit språk vi forstår. Lær oss å elska deg av heile vårt hjarte og av all vår makt. Takk for alle som har gitt oss ditt ord og vist oss kva det vil seie å tru på deg. Skap lengsel i folket vårt etter deg, og hjelpp oss å vitna om deg for våre nærmeste. Styrk oss, så vi ikkje mistar trua på ditt Ord og blir kvelte av sorger og rikdom og nytingar.

I dag tenkjer vi òg på alle medarbeidarane i bibelselskapa rundt om i verda. Vi ber om at uro og angst for framtida ikkje får ta motet frå oss. Minn oss om dine løfte, og løft blikket vårt til deg.

Gud, lat ditt Ord ha framgang hos oss.